



Midt-Telemark SV

VALPROGRAM 2019

Midt-Telemark SV er partiet for dei **raude**, dei **grøne** og dei **feministiske** verdiane.

Vi er partiet for solidaritet og for velferd i fellesskap, for dei med reduserte ressursar i vårt eige samfunn og for dei forfølgde ute i verda.

Vi er partiet for miljøansvar. Globale klimaendringar og truslar mot det biologiske mangfaldet må møtast også med lokale initiativ, både kortsiktige strakstiltak og langsiktig kursendring.

Den nye kommunen vår skal byggast på eit solidarisk, tolerant og naturvenleg fundament!

1. Midt-Telemark – den raude kommunen. SV er partiet for sosial rettferd. Vi vil arbeide for økonomisk og sosial utjamning.

Midt-Telemark SV vil jobbe for

- å styrke barnevern, eldreomsorg og førebyggjande helsearbeid,
- rimelegare SFO,
- å fase ut ufrivillige deltidsstillingar og erstatte dei med meir heiltidsstillingar,
- å legge til rette aktivitetar slik at ingen med funksjonshemmingar blir ekskludert frå deltaking,
- at barnetrygda skal haldast utanfor inntektsgrunnlaget til barnefamiljar som må søke sosialhjelp,
- at barnehagane skal drivast i kommunal regi.



2. Midt-Telemark – den grønne kommunen. Dei menneskeskapte klimaendringane er den største miljøutfordringa i vår tid. Dei vil gje store, negative konsekvensar. Vi må handle lokalt og tenkje globalt. Å ivareta artsmangfald, redusere ureining og ta vare på naturmangfald er viktig.

Midt-Telemark SV vil jobbe

- for auka kollektivtilbod i heile den nye kommunen,
- for at gang- og sykkelvegnettet blir utvida,
- for å behalde eit kompakt, levande handelssentrum, i staden for å flytte handelen utanfor sentrum,
- mot eit industrianlegg for kraftproduksjon på Sauheradjella,
- for vern om matjord, strandsoner, biologisk mangfald og friluftslivsområde,
- for grønne og trivelege møteplassar på tettstadane.

3. Midt-Telemark – den feministiske kommunen. Like moglegheiter for ulike menneske er eit grunnleggande prinsipp for SV. Likestilling og rettferd for alle, uavhengig av kjønn, er ein verdi. Gutar og jenter, kvinner og menn skal vurderast ut frå kven dei er ikkje kva dei er. I vår kommune skal kvinner og menn tene det same for likt arbeid.

SV vil jobbe for

- å fase ut ufrivillige deltidstillingar og erstatte dei med heiltidstillingar,
- at kvinner har like stor sjølvråderett over eigen kropp som mannen i møte med offentlege helsetenester.

4. Midt-Telemark – kulturkommunen. Bø og Sauherad som èin kommune får eit enda rikare og enda meir variert kulturliv enn vi hadde



kvar for oss. Dette bidrar til positive opplevingar, styrker lokal identitet og er eit viktig grunnlag for eit godt liv. Alle skal kunne delta i kulturaktivitetar.

SV vil jobbe for:

- at Gullbring kulturanlegg skal vere under kommunal kontroll,
- at aktivetskortet blir vidareført og styrkt,
- at biblioteket får auka bemanning og kan vidareutviklast i moderne lokale, gjerne i tilknytning til Gullbring kulturanlegg,
- at kulturskolen blir ein del av aktivetskolen og blir billegare,
- vellag og foreiningar med ein open og allmenn profil, og som har overtatt kommunale bygg for å drive aktivitet, ikkje skal betale kommunale avgifter,
- tilrettelegging for alle typar kulturaktivitetar, ikkje berre dei tradisjonelle,
- gode møteplassar for barn og unge også utanom organiserte aktivitetar.

5. Midt-Telemark – kunnskapskommunen. Vi vil gje alle barn og unge solid kunnskap og rom til å utvikle evner og dugleik, uavhengig av bakgrunn. Skulen er ein viktig arena for å skape eit samfunn med mindre classeskilje.

Midt-Telemark SV vil jobbe for

- å auke talet på vaksne i skulen, og
- innføre ei prøveordning med aktivitetsskolen (AKS) i staden for SFO,
- å innføre leksefri skule,
- å utvikle Midt-Telemark som studiestad og støtte opp om USN Campus Bø sin rolle internt i Universitetet i Sørøst-Noreg,
- å stø opp om Bø vidaregåande skule sitt arbeid for å få og halde på viktige utdanningsprogram,



- å ha to barnehageopptak i året,
- å tilby gratis frukt og grønt i skulen,
- å auke innsatsen for å gje vaksne utan grunnskule sjanse til grunnutdanning.

6. Midt-Telemark – kommunen med arbeidsplassar for framtida

Midt-Telemark har ei god blanding av arbeidsplassar i landbruk, industri, handel, forskning og undervisning, reiseliv og offentleg tenesteyting.

Midt-Telemark SV vil jobbe for

- å stimulere til eit landbruk som best mogleg tar vare på biologisk mangfald, ved til dømes bær- og fruktdyrking, bruk av utmarksbeite og reduksjon av kraftfôr til kjøttproduksjon,
- legge til rette for meir lokal produksjon og tenesteyting,
- at kommunen kjøper lokale varer og tenester,
- å støtte og oppmuntre til næringsutvikling basert på lokale ressursar,
- fremme eit seriøst arbeidsliv og lokale bedrifter,
- søke samarbeid med kunnskapsmiljø innan entreprenørskap og forskning ved USN og Telemarksforsking.

7. Midt-Telemark – kommunen som viser internasjonal

solidaritet Bø SV meiner det er viktig både å sjå på mangfald som ein styrke i eige lokalsamfunn og vise solidaritet utover landegrensene. Humanitær innsats er ei medmenneskeleg plikt.

Midt-Telemark SV vil jobbe for

- å etablere ein venskapsavtale med ein palestinsk by,
- å føre vidare samarbeidet med ICORN om å vere ein fristad for forfylgde forfattarar og kunstnarar,



- at Midt-Telemark blir rasismefri sone og at kommunen erklærer offisiell motstand mot atomvåpen.

8. Midt-Telemark – kommunen for god helse og god velferd.

Midt-Telemark SV meiner dette er blant dei viktigaste oppgåvene til kommunen, fordi det er sentrale element for livskvalitet og kjensle av tryggleik.

Midt-Telemark SV vil:

- evaluere den lokale fastlegeordninga opp mot legar i fast tilsetting,
- gå imot privatisering av kommunale velferdstenester,
- arbeide for auka grunnbemanning i eldreomsorgen.